

ER VÅRE ETISKE HALDNINGAR KJØNNSBUNDNE?

EIT KRITISK SØKJELJOS PÅ CAROL GILLIGANS MORALFILOSOFI

Av Harald Støren

Med boka *In a Different Voice* (1982) førde Carol Gilligan inn ein ny dimensjon i den feministiske debatten: Finst det grunnleggjande skilnader mellom kvinner og menn, som òg gjev seg utslag i måten dei løyser etiske konfliktrar på? Det som gav Gilligan kveiken til å skrive boka var psykologen Lawrence Kohlberg, som etter ei rad samliknande studiar av gutar og jenter i skulealder, forklåra dei skilnadene han fann med at jentene, i motsetnad til gutane, stagnerte på eit visst stadium i moralutviklinga, av di den kognitive kapasiteten dei hadde til å løyse moralske dilemma tyktest vera mindre. Dette føreset ein hierarkisk utviklingsmodell som Gilligan stiller seg tvilande til. I staden spør ho seg om ein ikkje lyt sjå jentene sin hang til å sjå moralske dilemma i ljøs av mellommenneskelege relasjonar som uttrykk for ein alternativ måte å nærme seg dilemmaet på, heller enn som uttrykk for moralsk stagnasjon.

Temaet for denne artikkelen er moralpsykologen Carol Gilligan sitt oppgjer med ein rådande moralfilosofisk tradisjon ho hevdar er utforma på mannssamfunnet sine premissar, av di han tek utgangspunkt i moralske problemstillingar som fyrst og fremst opptek menn. Etter denne tradisjonen vert moral meir eit spørsmål om å dedusera handlingsmaksimar ut frå abstrakte prinsipp enn å la spontane kjensler få ein meir rettkomen plass i mellommenneskelege relasjonar, der omtanke og omsorg skulle liggja til grunn for moralske handlingar. Meiner Gilligan med dette at det finst ein særskild kvinneleg moral tufta på omsorg som skil seg frå ein mannleg moral tufta på pliktetikkk? Er moralen med andre ord kjønnsbunden? Kan ein ut frå dette taka Gilligan til inntekt for ei essensialistisk forståing av tilhøvet mellom kjønna, der det meste av skilnadene i tenkjemåte kan forklårast ut frå biologi, slik til dømes dei franske «skilnadsfeministane»¹ hevdar? Mykje av det Gilligan seier, kan gjeva rom for ei slik slutning.

Etter ei meir samla drøfting av Gilligans moralfilosofi kjem eg likevel fram til ein annan konklusjon.

Gilligans namn er særleg tilknytt omgrepet «omsorgsetikk». Det er eit omgrep ho har utvikla både gjennom ein kritisk gjennomgang av resultatata frå moralpsykologen Lawrence Kohlberg sin modell for moralutvikling og ved å gjennomføre eigne etterrøkingar ved hjelp av ustrukturerte djupintervju. Kohlberg presenterer modellen sin som ein stadieteori med seks stadium fordelte på tri nivå. Kvart av stadia vert kjenneteikna av ein særskild måte å løyse moralske dilemma på. Hjø Kohlberg får desse stadia karakter av universelle normer som kjenneteiknar kvart sitt alderssteg (Kohlberg 1981:409–12).

Ved å føre inn omgrepet «omsorg» i tolkinga av Kohlbergs resultat har Gilligan synt at det finst ein alternativ måte å forstå moralutvikling på. Ho kritiserer det hierarkiske normsystemet som ligg til grunn for Kohlbergs modell. I denne modellen representerer kvart stadium ein

høgare grad av moralsk mognad enn det førre, slik at ein kan plassera menneske i høve til kvarandre når det gjeld moralutvikling. Når det syner seg at jenter jamt over skårar dårlegare enn gutar når det gjeld prinsipiell tenking, tolkar Kohlberg dette som eit teikn på at jentene stagnerer på eit tidleg stadium i moralutviklinga. Til dette svarar Gilligan at gutar og jenter tenkjer ulikt, og at ein ikkje kan rangera dei langs ein skala for moralsk mognad (Gilligan 2002:52–92). Medan gutar tenkjer ut frå eit rettferdspektiv med utgangspunkt i eit autonomt sjølv, tenkjer jentene ut frå eit omsorgsperspektiv med utgangspunkt i eit relasjonelt sjølv. På dette grunnlaget lanserer Gilligan ein alternativ teori.

Eg skal fyrst gjeva ein stutt presentasjon av Kohlbergs kognitive modell for moralutvikling. Dine skal eg summera opp den kritikken Gilligan rettar mot han og presentera Gilligan sin alternative modell, saman med nokre kritiske innvendingar som er vortne reiste mot denne modellen.

Kohlbergs modell

Kohlberg utviklar stadieteorien sin i *Essays on Moral Development*, som ligg føre i to band, der det fyrste tek føre seg filosofien og det andre psykologien til moralutviklinga. Det er i band 1 Kohlberg utviklar stadieteorien for moralske domar. I band 2 gjev han ei meir psykologisk utgreiing av kvart stadium ut frå den rettferdsoppfatninga dei målber. Kohlberg tuftar modellen sin på dei svara han får når han stiller eit utval gutar og jenter i skulealderen andsynes ni hypotetiske moralske dilemma. På dette grunnlaget identifiserer han seks steg langs ein utviklingsskala mot ein stendig høgare grad av moralsk mognad. Dei seks stega grupperer han igjen inn i tri nivå, det prekonvensjonelle, det konvensjonelle og det postkonvensjonelle. Eg skal her gjeva ei oppsummering av Kohlbergs modell.²

I) *Prekonvensjonelt* nivå er framherskande fram til niårsalderen:

1) *Moralsk realisme*: Det moralsk rette vert her identifisert med lydndad andsynes reglar og autoritetar. Ein er fyrst og fremst oppteken av å unngå straff, og fokuserer meir på ikkje å gjera fysisk enn psykisk skade. Perspektivet er egoistisk.

2) *Individualisme*: Det moralsk rette vert her identifisert med rettvisst byte. Ein skil klårt mellom egne og andre sine interesser, og ser det som si fremste oppgåve å fremja sine egne interesser, samstundes som ein godkjenner at andre kan gjera det same. Andre menneske vert vurderte ut frå deira instrumentelle

verde i høve til egne interesser.

II) *Konvensjonelt* nivå dominerer den moralske tenkinga i ungdomsalderen og mellom vaksne:

3) *Mellommenneskeleg normativ moral*: Moralsk rette handlingar er dei handlingane som står si prøve i høve til det andre ventar seg av ein. Ein legg vekt på å vinne tillit frå andre, mellom anna ved å fylgje reglar og halde avtaler.

4) *Sosial systemmoral*: Moralsk rette handlingar er dei handlingane som held oppe samfunnssystemet. Mellommenneskelege relasjonar vert vurderte ut frå den rolla dei spelar for samfunnet som heilskap.

III) *Postkonvensjonelt* nivå vert berre nådd av eit mindretal vaksne etter 20-årsalderen. Moralske prinsipp spelar her ei overordna rolle.

5) *Menneskeretts- og sosial velferdstenking*: Moralsk rette handlingar er dei handlingane som fremjar grunnleggjande menneskerettar og sosial velferd, som vert sett på som viktigare enn kontraktar og andre sosiale bindingar. Det krev rasjonelt handlande individ som er medvitne om desse rettane og verda.

6) *Universelle etiske prinsipp*: Moralsk rette handlingar er dei handlingane som stemmer over eins med universelle etiske rettferdsprinsipp, som til dømes likskap og vyrndad, som skal gjelde for alle menneske. Det tyder at ein aldri kan handsama andre menneske som middel for egne interesser, men berre som mål i seg sjølve.³

Eit av dei moralske dilemma Kohlberg legg til grunn for utarbeidinga av denne modellen er det han kallar «Heinz' dilemma», som tek utgangspunkt i denne situasjonsbeskrivinga:

I Europa heldt ei kvinne på å døy av ein sær sars alvorleg sjukdom, eit slag kreft. Lækjarane meinte ein medisin kunne berge henne. Det var eit slag radium som ein apotekar i den same byen nett hadde opendaga. Medisinen var dyr å laga, men apotekaren tok ti gonger det det kosta han å laga medisinen. Han betalte 200 dollar for radiumet og kravde 2000 dollar for ein liten dose av medisinen. Ektemannen til den sjuke kvinna, Heinz, gjekk til alle han kjende for å låne pengane, men han greidde ikkje å skrapa saman meir enn 1000 dollar, som berre var halvdelen av det medisinen kosta. Han fortalde apotekaren at kona hans heldt på å døy, og spurde om han kunne få medisinen billegare eller betala for han seinare, men apotekaren sa: «Nei, eg oppdaga medisinen, og eg skal tena pengar på han». Heinz vart desperat, og braut seg

inn i lageret for å stela medisinen (Kohlberg 1981:12, mi omsetjing)

Kohlberg fylgde opp med desse spørsmåla til informanten: «Skulle mannen ha stoli medisinen?» «Var det rett eller gali?» «Er avgjerda di om at det var rett (eller gali) objektivt rett?» «Er ho moralsk universell, eller er ho di personlege meining?» «Dersom du meiner det er moralsk rett å stela medisinen, må du sjå den kjensgjerninga i augo at det er i strid med lova. Kva er so grunnlaget for ditt syn om at det er moralsk rett, anna enn at det er di personlege meining?» «Er det noko ein kan verte samde om?» (Kohlberg 1981:12–13).

Gilligans kritikk av Kohlberg

I kritikken av Kohlberg tek Gilligan utgangspunkt i dei svara to 11-åringar, guten Jake og jenta Amy, gav då dei vart stilte andsynes Heinz' dilemma i Kohlbergs etterrøking.⁴ Jake var ikkje i tvil om at Heinz burde stela medisinen, i det han sette opp problemet som ein verdekonflikt mellom liv og eigedom, og utleidde løysinga rasjonelt, ut frå ei oppfatning av moralen som rasjonelt gyldig.⁵ Amy var på hi sida meir uviss og tenkte nøye i gjennom moglege negative konsekvensar av å bryte lova. I staden freistar ho finne alternative handlingsmåtar til det å stela. I staden for, slik Jake gjer, å stille opp dilemmaet matematisk, som ein konflikt mellom to absolutte moralske verde, der

Når dei vert bedne om å beskrive seg sjølve, måler Jake seg opp mot eit sjølvsentrert ideal om perfeksjon, medan Amy måler seg opp mot eit andresentrert ideal om omsorg.

der berre finst eit rett eller eit gali svar, freistar Amy løyse det gjennom mellommenneskeleg kommunikasjon og ved å trekkje inn fleire perspektiv.⁶ Medan Jakes svar speglar ein etikk tufta på rettferd, speglar Amys svar ein etikk tufta på omsorg (Gilligan 2002:57–58).

Kohlberg fylgjer opp med ei rad tilleggsspørsmål. Gilligan skuldar han for å tolke svara slik at dei byggjer opp under dei kjønnsbundne skilnadene i hans eigen moralteori og kritiserer Kohlbergs tolking på kvart punkt. Når dei vert bedne om å beskrive seg sjølve, måler Jake seg opp mot eit sjølvsentrert ideal om perfeksjon, medan Amy måler seg opp mot eit andresentrert ideal om omsorg. Når dei får spørsmål om korleis dei vil prioritera ansvar andsynes seg sjølve og andre, tek Jake utgangspunkt i lausriving i tilhøvet til andre menneske, og røkjer etter ulike former for tilknytning ut frå det, medan Amy tek utgangspunkt i tilknytning, for dinest å orientera seg mot lausriving. Det



Illustrasjon: Marianne Røthe Arnesen

får konsekvensar for synet på sjølvet og på relasjonane mellom sjølvet og andre, noko som igjen får konsekvensar for synet på utvikling: Medan utvikling for Jake ville tyde at han i stigande grad ser andre som likeverdige med han sjølv, tyder det for Amy auka tilknytning gjennom utbygging av nettverksrelasjonar (Gilligan 2002:61–67). Medan guten nyttar likeverd som eit middel til å skaffe seg tryggleik i tilhøvet til andre menneske, og på det viset utviklar seg frå eit isolert ego, er likskapsrelasjonen for jenta ikkje i same grad medviten, av di ho alt i utgangspunktet lever i eit relasjonelt nettverk. Dette er noko Kohlberg ikkje i tilstrekkeleg grad tek inn over seg når han hevdar at jentene stagnerer i moralutviklinga, og vert hangande att på det prekonvensjonelle nivået.

Det Gilligan særleg rettar søkjeljoset mot, er dei kjønnskilnadene som kjem til synes i Kohlbergs materiale. Jenter viser jamt over svakare resultat når det gjeld prinsipiell tenking enn gutar. Kohlberg tolkar dette som teikn på stagnasjon i moralutviklinga. Gilligan ser det på si side berre som uttrykk for at jenter og gutar tenkjer på ulike måte, og at en ikkje kan setja opp nokon absolutt standard for rangering av moralske domar. Kohlbergs måte å spørja på og teoretiseringa hans ut frå dei svara han får, skjer på grunnlag av hans eigen moralfilosofi. Difor greier ikkje Kohlberg å sjå logikken i Amys svar og tolkar dei heller som ein måte å vike unna problemet på enn som ein alternativ freistnad på å løyse det.

Gilligan ser den ulike måten guten og jenta nærmar seg det moralske dilemmaet på som uttrykk for to ulike moraloppfatningar, som òg gjev grunnlag for to ulike utviklingsgangar. Mens *rettferdsmoralen* er tufta på ei førestilling om eit *autonomt sjølv*, der eit omgrep om *rettferd* ligg til grunn for moralske domar, er *omsorgsmoralen* tufta

på eit *relasjonelt sjølv*, der eit omgrep om *omsorg* ligg til grunn. I det fyrste tilfellet opererer ein med eit *hierarki* av handlingsalternativ, der det eine vert sett på som meir moralsk akseptabelt enn det andre. I det andre tilfellet opptrer handlingsalternativa i eit *nettverk*, der det ikkje eksisterer nokon preferansar som er gjevne på førehand. Gilligan finn at *gutane* hellar mot å leggja einsidig vekt på *rettfærdsperspektivet*, medan jentene er meir ambivalente, og ofte skiftar mellom dei to perspektiva. Det er likevel viktig å vera klår over at Gilligan ikkje ser dei to moralske tilnærmingane som ymsesidig utelukkande og sekvensielle (dvs. at dei dannar ulike stadium i ein utviklingsgang), men heller som to *komplementære* tilnærmingar, som kan opptre skiftevis hos ein og same person. Ho ser heller ikkje dei to perspektiva som kjønnsbundne gjennom ein biologisk mekanisme, men syner i staden til Nancy Chodorows studiar, som har synt at kjønnsidentiteten knytt opp mot høvesvis omsorgs- og rettfærdsperspektivet for jenter og gutar utviklar seg som ei fylgje av mor-barn-interaksjonen i spedbarnsalderen, og difor må sjåast på som eit resultat av primærsosialiseringa (Gilligan 2002:35–36).⁷

Gilligans teori for utvikling av omsorg

Gilligan identifiserer *tri perspektiv*, eller nivå, i utviklinga av *omsorgsmoral* i skjeringspunktet mellom eigenkjærleik og ansvar, på bakgrunn av egne empiriske studiar⁸:

Det *fyrste* perspektivet dreiar seg om å taka vare på sjølv- et for å tryggje eiga overleving. Moral vert her eit spørsmål om *sanksjonar* pålagde utanfrå (Gilligan 2002:102, 108, 133).⁹

Det *andre* perspektivet, som er ein overgangsfase, er prega av ei kjensle av *ansvar* for dei som er svakare stilte og avhengige av ein, noko som gjer moderleg omsorg moralsk høgyerdig. *Godleik* for andre vert her det fremste idealet. Moralen er her tufta på sams normer og forventingar. Dette perspektivet er likevel prega av vant på likevekt, av di omsorga for andre lett fører til neglisjering av ein sjølv. At dette perspektivet tradisjonelt er vorti framhaldi som ei særskild kvinneleg dygd, har skapt komplikasjonar i utviklinga til kvinnene, av di det vert sett opp mot autonomi og individuelle rettar (Gilligan 2002:103,108, 133,160).

Det *tridje* perspektivet opphevar spenninga mellom omsynet til ein sjølv og ansvaret for andre ved å sannkjenne den *ymsesidige* avhengnaden mellom ein sjølv og andre. Omsorg vert her eit *universelt* prinsipp som tek fråstand frå alle former for utbyting, både av ein sjølv og andre. Omsynet til sjølvet gjer samstundes at ein får eit større ansvar for egne val. Samstundes er det ein måte å relatera seg psykologisk til andre på. I staden for konvensjonar vert

morale her tufta på individuelle rettar. *Sanning* vert kriteriet for moralsk handling. Gilligan (2002:103, 111, 126, 133) talar her om omsorg på eit *reflektert* nivå. Med det endrast òg førestillinga om *relasjonar* frå å vera vedvarande *avhengnadsband* til å verte eit spørsmål om dynamisk *sambøyrsl*. På den måten vert ideen om omsorg utvida frå berre å vera eit paralyserande *forbod* mot å *såre* andre til å verte eit *påbod* om ansvar både andsynes ein sjølv og andre.

Gilligan presenterer med dette ein utviklingsteori som skil seg frå Kohlbergs reint kognitive og individfokuserede modell, som er einsidig tufta på rettfærdsomgrepet, ved at ho tek utgangspunkt i omsorgsomgrepet. Samstundes set Gilligan omsorgsetikken inn i eit utviklingsperspektiv, der omsorga vert beskrivi som ein prosess som ber i seg både ei aukande differensiering mellom sjølvet og den andre og aukande forståing av dynamikken i samspelet mellom dei. Omsorgsetikken speglar på det viset av ein oppsamla kunnskap tufta på den ymsesidige avhengnaden mellom sjølvet og den andre (Gilligan 2002:102–03). Ein annan viktig skilnad frå Kohlbergs utviklingsmodell er

at omsorg ikkje utviklar seg stegvis gjennom klårt avgrensa stadium, men heller lyt sjåast på som ein ubrotten prosess mot stendig større sosial mognad (Gilligan 2002:155).

Tove Pettersen (2008:14) kallar Gilligans tridje perspektiv «mogen omsorg», av di det fører inn ein balanse mellom interessene til omsorgsgjevar og omsorgstakar. Pettersen ser dette som ein prisverdig freistnad på å oppheva dikotomien egoisme/altruisme innanfor omsorgsetikken.

Kritikken av Gilligan

Eg skal her gå nærare inn på tri typar kritikk som er vorten retta mot Gilligans teori. To av dei vert formulerte av Tove Pettersen, som særleg tek opp Gilligans granskingsmetode og det filosofiske grunnlaget for teorien. Andre feministiske teoretikarar tek særskilt opp omsorgsomgrepet, som ligg til grunn for Gilligans etikk, men utan eksplisitt å referera til Gilligan.

Metoden

Når det gjeld metoden, er det særleg tri typar mistak Gilligans granskning er vorten klaga for: Rosenthal-effekten, Hawthorne-effekten og mangel på kvantitative data og standardiserte intervju.

Omsorg vert her eit universelt prinsipp som tek fråstand frå alle former for utbyting, både av ein sjølv og andre. Omsynet til sjølvet gjer samstundes at ein får eit større ansvar for egne val.

Rosenthal-effekten tyder at forventningane til forskaren verkar inn på forskingsresultata (Pettersen 2008:20). Dette er ei felle det er lett å gå i ved den typen ustrukturerte intervju Gilligan nyttar i abortetterrøkinga, og ho kan gjeva seg utslag gjennom kva type spørsmål som vert stilte, måten dei vert stilte på, og korleis svara vert tolka. Arne Johan Vetlesen (2002:212) klagar Gilligan for ikkje å gjera det klart om tesen om ein særskilt kvinneleg, i motsetnad til mannleg, tenkjemåte er avleidd av det empiriske materialet, eller om det er ein implisitt premiss som verkar inn på utveljing og tolking av intervjudata. Men dette er ein kritikk som lettare vil kunne rettast mot abortetter-

Det legg grunnlaget for ein psykologisk determinisme, der ein spesifikt kvinneleg eller mannleg psyke avgjer kjønnsidentiteten.

røkinga enn mot den meir strukturerte etterrøkinga med moralske dilemma, der Gilligan berre nyttar Kohlbergs materiale. I det siste tilfellet er det berre tolkinga av materialet som er ulikt mellom dei to, og Vetlesens klage kan difor like gjerne rettast mot Kohlberg. Gilligans tese er då òg nettopp forma som ein kritikk av Kohlbergs implisitte kjønns-tenking i tolkinga av materialet.

Hawthorne-effekten tyder at forventningane til informanten verkar inn på forskingsresultata. Det tyder at informanten ikkje gjev oppriktige svar, men svarar slik han meiner intervjuaren ventar seg av han ut frå den måten han tolkar dei spørsmåla han får på. Faren for dette er til stades dersom spørsmåla som vert stilte er leiande, det vil seia dersom dei legg premissa for dei svara ein ventar seg. Det er likevel i nokon mon mogleg å kontrollera for dette ved å lesa gjennom det transkriberte intervjuet. Av di Jake og Amy vert stilte andsynes dei same dilemma og får dei same spørsmåla, men likevel kjem ut med ulike svar i Kohlbergs intervju, gjer at ein lyt rekne denne faren for minimal.

Gilligan er òg vorti kritisert for ikkje å leggja fram kvantitative data og publisera standardiserte intervju frå sine egne etterrøkingar. Mot denne kritikken kan ein innvende at Gilligan i abortetterrøkinga nyttar kvalitative djupintervju, der det er viktigare å få fram alle relevante opplysningar om kjenslevet til informanten enn eit kvantitativt oversyn over moglege bakgrunnsvariablar for abortavgjerda. Djupintervju av denne typen lét seg ikkje føre opp på ein standardisert formel, slik Kohlberg gjorde med intervju sine, av di mange av dei viktigaste opplysningane i abortetterrøkinga kom fram i uformelle samtaler med informanten. Vi får på denne måten ei rad opplysningar vi kan vera meir visse på er relevante i høve

til problemstillinga enn vi kunne ha fått ved meir strukturerte intervju, noko som aukar validiteten til etterrøkinga. Dette kan vega so tungt at ein lyt sjå gjennom fingrane med at reliabiliteten i ein viss mon vert skadelidande.

Det filosofiske grunnlaget

Tove Pettersen (2008:21–22) peikar på den filosofiske inkonsistensen som kan liggja i å skilja, slik Gilligan gjer, mellom biologisk og psykologisk/kulturelt kjønn («sex» og «gender»), når ein på det viset implisitt fører inn eit skilje mellom eit passivt objekt (lekam) og eit aktivt subjekt (sjel). Med det fører ho òg inn ein kartesiansk dualisme i omsorgsetikken. Det legg grunnlaget for ein psykologisk determinisme, der ein spesifikt kvinneleg eller mannleg psyke avgjer kjønnsidentiteten. Opp mot ein slik determinisme set Pettersen Simone de Beauvoir, som hevdar at relevansen av «kjønn» er situasjonsbunden. I staden for å skilja mellom biologisk og psykologisk/sosialt kjønn, talar ho om subjektiv «oppleving» («experience vécu»). Med det går Beauvoir i rette med både dei som hevdar at kjønnskilnader ikkje tyder noko i det heile (jfr. Judith Butler) og dei som hevdar at kjønnskilnadene gjennom-syrar alt, som til dømes «skilnadssfeministane». Ho talar i staden om «den akkumulerte subjektive opplevinga til kvart individ» (hjá Pettersen 2008:23).

Arne Johan Vetlesen (2002:211–19) kritiserer òg Gilligan for å verte hangande fast i kjønnsdikotomien, av di ho gjennomgåande koplur «den andre røysta», forstått som relasjonstenking, til kvinner, definert i motsetnad til autonomiomgrepet, som dominerer hjå menn. Han ser det som inkonsistent at Gilligan, trass i det sterke sambandet ho meiner å kunne ettervise mellom kjønn og tenkjemåte, tviheld på at kjønnskilnadene i hovudsak er samfunnsskapte og difor lét seg endre. Han finn forklaringa til denne inkonsistensen i Gilligans vektlegging av primærsosialiseringa når det gjeld å forklåre skilnadene i tenkjemåte mellom kjønna. Gilligan hamnar difor sjølv ikkje so langt frå ein essensialistisk ståstad, og tener med det «til å befeste mosegrodde patriarkalske stereotyper om hvordan kvinner og menn 'er', hva som samsvarer med deres 'natur'». Vetlesen meiner med det å kunne ettervise ein motsetnad mellom Gilligans kvinneideal, som verdset bevaring av relasjonar framfor autonomi, og prioritering av tarva til andre framfor eiga tarv, på den eine sida og hennar politiske feminisme på hi, der målet nettopp er å leggja attom seg dei kjønnsundertrykkjande dikotomiane som har prega det patriarkalske samfunnet. Han kritiserer Gilligan for ikkje å koma med noko alternativ til dikotomiane i den tradisjonelle teorien, og ymtar om at Gilligan

kan hende ikkje ynskjer å vraka, men heller å snu om på dei gamle dikotomiane, slik at tilknytning vert rangert høgare enn autonomi. Men med det har ho ikkje gått ut over den tradisjonelle teorien: Oppøvinga av samkjensle og solidaritet på kostnad av individualisme og konkurranse bør vera ei oppgåve like mykje for menn som for kvinner, ikkje minst av di det er mellom menn desse eigenskapane særleg er vortne sette til sides.

Det er den same dikotomiske tenkjemåten Vetlesen meiner å kunne lesa or Gilligans arbeid når ho gjev kjenslene forrang i høve til fornufta (Vetlesen 1994:157, hjå Pettersen 2008:54). Tove Pettersen kritiserer Vetlesen for å sjå bort frå at Gilligan her opererer på fleire nivå: På det normative nivået gjev ho kjenslene ingen forrang, og tek eksplisitt fråstand frå all dikotomisk tenking, både når det gjeld kjønn, kjensler/fornuft, sjølv/andre, sjel/lekam og fortid/notid, av di ho «undergrev kunnskapen om menneskelege relasjonar ved å vaske vekk logikken til kjenslene»¹⁰ (Gilligan et al. 1988: iv, hjå Pettersen [mi omsetjing]). Ho tek i staden til ords for eit nytt teoretisk rammeverk. Det er nett det Gilligan gjer med sin alternative teori for moralutvikling, der omsorgsidealet vert universalisert til å gjelde båe partane i ein relasjon i det tredje



Illustrasjon: Danielle Tschudi


perspektivet, som på det viset får normativ status. Med det vert dei dikotomiane som heftar ved dei deskriptive omsorgsogrepa i det fyrste og andre perspektivet irrelevante. Men den same innvendinga kan, so vidt eg kan skjønne, òg rettast mot Pettersens kritikk av Gilligans kartesianske dualisme, og den dikotomien han postulerer mellom eit aktivt subjekt og eit passivt objekt.

Kritikk av omsorgsetikken

Catharine MacKinnon er skeptisk til sjølve omsorgsetikken, som ho ser som eit resultat av kvinna si undertrykte stilling i samfunnet, og kritiserer Gilligan for å identifisera ein slik etikk med kvinner. Ho er representativ for ei rad feministar som kritiserer dei som søker finne fram til særskilt kvinnelege verde i etikken, og ser på omsorgsetikken som eit uttrykk for falskt medvit (hjå Pettersen 2008:24–25).

Tove Pettersen (2008:33–36) hevdar at Gilligan står for ein relasjonell ontologi, av di ho legitimerer omsorga ut frå dei konsekvensane ho får for det velværet, forstått som trivnad og vokster – det Pettersen kallar «flourishing» («bløming») – som vi opplever i menneskelege relasjonar. Ho kritiserer denne ontologiske måten å forstå omsorg på, for det fyrste av di han kan gjera det vanskelegare å fange opp den utbytinga og mishandlinga som ofte finn stad innanfor omsorgsrelasjonen, og for det andre av di han ser bort frå at ikkje-relasjonelle verksemder, som til dømes kunst og vitskap, òg kan føre til velvære. I eit slikt ljøs vil omsorgsetikken kunne halde oppe tradisjonelle kjønnsroller i familie og yrkesliv. Pettersen hevdar likevel at Gilligan, ved å føre inn det tredje perspektivet i utviklingsmodellen sin, der den sjølvoppofrande omsorga vert modifisert ved at omsorgsogrepet vert utvida til å omfatte omsorgsgjevaren, greier å nøytralisera denne kritikken. Det gjer det mogleg å hevde ein omsorgsetikk der alle relasjonar tufta på utbyting vert vraka.

Pettersen (2008:38–40) kritiserer også Gilligan frå ein normativ synsstad: Ho nyttar omsorg som eit normativt kriterium til å klassifisera ulike typar omsorgsrelasjonar empirisk og rangera dei langs ein normativ skala ut frå det. Gilligan gjer seg med det skuldig i ein type naturalistisk feilslutning: Ho sluttar frå «bør» til «er». I motsetnad til Kohlberg, som klårt åtvare mot å gjera normative utsegnar om til deskriptive, er ikkje Gilligan klar på dette punktet. Gilligans teori lét seg berre forsvara dersom dei utsegnene, i tillegg til å referera til fakta, òg gjev moralske påbod, det vil seia verkar preskriptivt. Slike påbod kan vera tufta på omsorg som moralsk bindande norm. Pettersen kritiserer Gilligan for ikkje å grunngjeva omsorgsmodellen eksplisitt



ut frå eit etisk verde, men meiner å kunne finne ansatsen til eit slikt verde i sluttkommentarane til boka hennar, der ho kontrasterer omsorgsetikken med rettferdsetikken: «Der rettferdighetsetikken tar utgangspunkt i et premiss om likhet – at alle skal behandles likt – hviler omsorgsetikken på et premiss om ikkevold – at ingen må bli såret» (Gilligan 2002:201). Pettersen finn premissen om ikkjevald utilstrekkeleg som etisk verde på grunn av den negative formuleringa, men utvidar han til «prinsippet om ikkje å skada» («the principle of non-maleficence»), som kan utleiast av nivå tri i utviklingsmodellen til Gilligan, av di mogen omsorg òg tillèt aktive inngrep for å hindre skade (Pettersen 2008:42). Med det tek Pettersen stilling for ein moral tufta på etiske prinsipp.¹¹ Ho finn stønad for eit slikt syn i Gilligans eiga omtale av det tredje perspektivet: «Omsorg blir det utvalgte prinsippet for denne moralforståelsen, som forblir psykologisk i sin orientering mot mellommenneskelige relasjoner og ansvar, men som blir universell i sin fordømmelse av utnyttelse og vold» (Gilligan 2002:103). Her vert «omsorg» i tydinga «ikkje å skada» lansert både som eit psykologisk og normativt prinsipp, og slepp med det unna den naturalistiske feilslutninga frå «bør» til «er».

Konklusjon

Vi kan konkludera med at Carol Gilligan gjev eit viktig tilskot til den debatten som har knytt seg til Kohlbergs stadieteori for moralutvikling gjennom omgrepet «omsorgsetikk». Dette er eit omgrep ho har utvikla både gjennom ei kritisk gjennomgåing av Kohlbergs resultat og ved å gjennomføre egne etterøkingar ved hjelp av ustrukturerte djupintervju. Med dette omgrepet har ho synt at det finst ein måte å forstå moralutvikling på som skil seg frå Kohlbergs kognitive modell, som tek utgangspunkt i evna til å løyse moralske dilemma ved å dedusera handlingsmaksimar ut frå abstrakte prinsipp. Opp mot dette set Gilligan ein utviklingsmodell tufta på omsorg, der spontane kjensler får ein meir framstående plass, men der ei universalisering av omsorgsomgrepet er det mogne slutt punktet i ei moralutvikling, som byrjar med eit egosentrisk perspektiv, der omsynet til eiga overleving er overordna, og som går over i eit altruistisk perspektiv, der ansvaret for andre vert viktigare enn omsynet til eiga tarv. Slutt punktet, som kjem med det universalistiske perspektivet, avværnar mykje av den kritikken som er vorten retta mot omsorgsetikken for å ville legitimera dei utbyttingsrelasjonane som heftar ved den tradisjonelle kjønnsrolletenkinga. Dette er ein kritikk som ville ha råka hardt, so mykje meir som Gilligans prosjekt nettopp er å taka eit oppgjør med den kjønnsrolletenkinga på mannen sine premisser som Gilligan hevdar ligg innebygd i Kohlbergs modell. Gilligans uttala målsetjing med omsorgsetikken er å avskaffe kjønnsrolletenkinga og oppheva dei dikotomiane ho ber i seg, med dei kunstige skilja dei set opp mellom menneske. Hennar politiske prosjekt er å skapa eit samfunn der omsorgsoppgåvene fell like naturleg for menn som for kvinner.

Likevel er det retta alvorlege innvendingar, både frå feministiske teoretikarar og andre mot Gilligans omsorgsomgrep. Ein type kritikk dreiar seg om den metoden for datainnsamling Gilligan nyttar, ved å bruke ustrukturerte intervju, i dei tilfella ho ikkje gjer bruk av Kohlbergs eige intervjumateriale. Men dette er ein kritikk som kan rettast mot alle intervjuetterøkingar av denne typen, og som er godt dekt i litteraturen om samfunnsvitskapleg metode. Det er grunn til å tru at Gilligan har vori vel merksam på moglege fallgroper i denne samanhengen og teki høgd for dei, sjølv om ho, truleg av personvernomsyn, har vori atterhaldande med å publisera heile datamaterialet frå abortetterøkinga.

Noko større grunn er det til å hefte seg ved den kritikken som har vori retta mot det filosofiske grunnlaget for omsorgsomgrepet til Gilligan, mellom anna frå Tove Pettersen og Arne Johan Vetlesen, som kritiserer Gilligan

for å hange fast ved den dikotomistiske tenkjemåten ho i prinsippet søker å oppheva. Dei finn forklåringa i den determinismen som Gilligan implisitt går god for gjennom si vektlegging på primærsosialiseringa som avgjerande for kjønnsidentiteten. Det er likevel grunn til å merkje seg at Pettersen her kjem fram til ein noko meir nyansert konklusjon enn Vetlesen, av di ho peikar på det naudsynte i å skilje mellom eit normativt og eit deskriptivt nivå i Gilligans analyse: Det er berre på det normative nivået Gilligans kritikk av kjønnsdikotomien er gyldig, slik vi finn det i det tredje perspektivet i Gilligans modell. Frå dette nivået kan vi utleide «prinsippet om ikkje å skada» som etisk verde for omsorgsetikken. Vi må på dette grunnlaget kunne konkludera at Gilligan ikkje endar opp som nokon «skilnadsfeminist».

NOTAR

¹ «Skilnadsfeminisme» er gjerne den nemninga som vert nytta om den franske feministiske skulen inspirert av psykoanalytikaren Jaques Lacan, som hadde eit sær sers essensialistisk syn på skilnadene mellom kjønna. Til denne skulen høyrer til dømes Luce Irigaray, Michele Montrelay, Julia Kristeva o.a.

² Eg kjem her vesentleg til å basera meg på den versjonen som vert gjeven i «Appendix» til band 1 av «Essays on Moral Development» (Kohlberg 1981:409–12), men kjem òg til å nytte framstillinga av stadia i band 2 (Kohlberg 1984:624–639) der det høver.

³ Kohlberg er her klårt inspirert av Kants plikketikk: Medan dei to fyrste nivåa er prega av ein konsekvensetisk tenkjemåte, svarar det postkonvensjonelle nivået tolleg noggrann til det kategoriske imperativet hjå Kant.

⁴ At Kohlberg valde to 11-åringar til å taka del i denne etterrøkinga

skuldast truleg at dei i denne alderen etter utviklingsmodellen hans er i byrjinga av det konvensjonelle stadiet, då han reknar med at kjønnskildnadene vert meir markerte.

⁵ «For det første kan ikke menneskeliv måles i penger, og viss apotekeren får tusen dollar, vil han allikevel fortsette å leve, men viss Heinz ikke stjeler medisinen, vil kona hans dø. [Hvorfor kan ikke liv måles i penger?] Fordi apotekeren kan få tusen dollar senere fra rike mennesker med kreft, men Heinz kan ikke få kona si tilbake. [Hvorfor ikke?] Fordi alle mennesker er forskjellige, så Heinz ville ikke fått kona si tilbake» (Gilligan 2002:54).

⁶ På spørsmål om Heinz bør stela medisinen, svarar Amy: «Jeg synes nok ikke det. Jeg tror det finnes andre måter enn å stjele. Som at han låner pengene, eller tar opp et lån eller noe, men han burde virkelig ikke stjele medisinen – men kona hans burde ikke dø heller» (Gilligan 2002:56). På spørsmål om kvifor Heinz ikkje bør stela medisinen, tek ho kørkje omsyn til eigeidom eller juss, men til korleis tjuveriet vil kunne verke inn på tilhøvet mellom Heinz og kona: «Dersom han stjal medisinen, kunne han redde livet til kona. Men han ville også kanskje havne i fengsel, og da kunne kona bli enda sykere, og han ville ikke kunne skaffe mer medisin, og det er jo ikke særlig bra. De burde ta en skikkelig prat om det og finne ut noen andre måter å skaffe penger på» (Gilligan 2002:54).

⁷ Chodorow har synt at grunnlaget for kjønnsidentiteten vert lagt i løpet av dei tre fyrste leveåra. Det gjer at han utviklar seg ulikt hjå jenter og gutar, av di den viktigaste omsorgspersonen i desse åra er ei kvinne. Av di jenta kan halde fram relasjonen med mora, etter som mora opplever ho som lik seg sjølv, vert den kvinnelege identiteten danna som eit framhald av denne relasjonen. På hi sida vert den mannelege identiteten danna ved at identifiseringa med mora vert broten, noko som legg grunnlaget for kjensla av autonomi (Chodorow 1978:166–67).

⁸ Gilligan syner her til ei intervjuetterrøking av kvinner i ulike aldrar og i ulike fasar av svangerskapet som vert stilte andsynes ei avgjerd om abort (Gilligan 2002:103–33).

⁹ Gilligan seier sjølv i «Med en annen stemme»: «Ut fra det første perspektivet er moral et spørsmål om sanksjoner man blir pålagt av et samfunn der man er mer en undersått enn en borger» (Gilligan 2002:108).

¹⁰ «undermine knowledge of human relationships by washing out the logic of feelings»

¹¹ Pettersen presiserer likevel at ho forstår «prinsipp» meir som «retningsline» («guide») enn som ein fast regel (Pettersen 2008:43, sn. 14)

LITTERATURLISTE

Chodorow, N. 1978, *The Reproduction of Mothering: Psychoanalysis and the Sociology of Gender*, University of California Press, Berkeley.

Gilligan, C., Ward, J.V., McLean, J., Taylor og Bardige, W.B. 1988, *Mapping the Moral Domain*, Harvard University Press, Cambridge, Massachusetts.

Gilligan, C. 2002, *Med en annen stemme: Psykologisk teori og kvinners utvikling*, Vestli, M. (overs.), Gyldendal, Oslo.

Kohlberg, L. 1981, *Essays on Moral Development, vol. I: The Philosophy of Moral Development: Moral Stages and the Idea of Justice*, Harper & Row, San Francisco.

—. 1984, *Essays on Moral Development, vol. II: The Psychology of Moral Development: The Nature and Validity of Moral Stages*, Harper & Row, San Francisco.

Pettersen, T. 2008, *Comprehending Care: Problems and Possibilities in the Ethics of Care*, Lexington Books, Lanham.

Vetlesen, A.J. 1994, *Perception, Empathy, and Judgment: An Inquiry into the Preconditions of Moral Performance*, Pennsylvania University Press, Pennsylvania.

—. 2002, «Etterord», i *Med en annen stemme: Psykologisk teori og kvinners utvikling*, Gilligan, C., Vestli, M. (overs.), 207–220, Gyldendal, Oslo.